



Rogaland fylkeskommune

firmapost@rogfk.no

Uttale til NTP 2022 - 2033

Interesseselskapet Fjordvegen Rute 13 takkar for høve til å orientera om selskapet sitt arbeid og prioriteringar i høve prosessen vedr. NTP 2022-2033 som skal handsamast i Stortinget i juni 2021.

Rv13 kan mogleg kallast norges dårlegaste riksveg kva gjeld standard og talet på rasutsette punkt med høg eller middels skredfaktor. Det er også bakgrunnen for at selskapet no ber fylkeskommunane Rogaland og Vestland om å samordna sine uttalar og klart gjev uttrykk for at det no et avgjerande å prioritera rassikring av vegnettet i Norge i den komande NTP-perioden 2022-2033.

I samsvar med Nasjonal rassikringsgruppe si tilråding ber også vi om at fylkeskommunen prioriterer dette og gjev klart uttrykk for at ramma på 71 mrd for å rassikra alle skredpunkt med høg eller middels skredfaktor må på plass i NTP før ein føretek tildeling av midlar til store nye vegprosjekt.

Riksvegnettet i Norge er Statens ansvar og det er berre ved uttalar m.m. at fylkeskommunar og andre uttalepartar kan påverka vedtaket som Stortinget skal gjera for NTP 2022-2033 våren 2021.

Alt for mange gonger har vi sett at fylkeskommunane har handsama "sine" deler av rikvegar utan å samspele med nabofylke og dermed sikra ei sterkare og samkøyrte stemme overfor Stortinget. Dette har svekka påverknaden og vi ser det som avgjerande at ein denne gongen maktar å samordna ordlyd frå både Rogaland og Vestland kva gjeld prioriteringar for riksvegane som går gjennom begge fylka.

At Fjordvegen Rute 13 er så tydeleg på at rassikring prioritert etter skredfaktor no må prioritert på topp har samanheng med alle dei direkte og indirekte kostnader som denne situasjonen påfører distrikta som nyttar vegen. Dette gjeld både dei økonomiske konsekvensene for næringsliv, innbyggjarar og besøkjande, men også dei ikkje-prisette konsekvensane som t.d. dei psykososiale kostnadene som utryggheit ved å ferdast på vegen drar med seg.

Statens vegvesen sin rapport dat. des 2019

“Skredsikringsbehov for riks- og fylkesvegar i Region vest” viser:

Rapportens riksvegdel viser 126 punkt med høg og middels skredfaktor (faktor 2,5 t.o.m. 6,0), Rv 13 har 33 pkt av desse. Sikring av desse 33 Rv13-punkta er av SVV kostnadsrekna (med 25 % usikkerhet) til ca 11 mrd. Jfr. også Nasjonal rassikringsgruppe sitt anslag på 71 mrd for sikring av alle raspunkt med høg eller middels skredfaktor.

Fjordvegen Rute 13 ber difor om følgjande:

Rogaland og Vestland fylkeskommunar må samordna sin uttale kva gjeld Rv13. Fjordvegen Rute 13 støttar fullt ut kravet frå Nasjonal rassikringsgruppe om at det i førstkomande rullering av Nasjonal Transportplan (NTP) vert laga ein heilskapleg, nasjonal plan for skredsikring av riks- og fylkesvegnettet kva gjeld utbetring av alle punkt med høg og middels skredfaktor. Planen må sikrast prosjektfinsiering slik at den vert gjennomført samanhengande og kostnadseffektivt gjennom 12 årsperioden.

Kinsarvik, 11. mars 2020

Med helsing

Fjordvegen Rute 13

Gerd Helen Bø
Styreleiar

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar

Kopi til:

Alexander Rügert-Raustein
Joachim Weisser

Rogaland fylkeskommune
Rogaland fylkeskommune